

Klargjering for eit utvida industriområde på Børnes.

05.03.2019



Hogstmaskinar i arbeid for klargjering til eit utvida industriområde på Eidsvik Eigedom sitt areale.

Eidsvik Eigedom AS har starta arbeidet med klargjering for eit utvida industriområde på Børnes. I denne omgang gjeld det vel 50 % av arealet deira mot nord i grensa til Hjørnevåg og vegen ned til Børneskaien. Entreprenørfirma Musland Maskin har jobben med å rydda skog, reinska massane på fjellet og få massane køyrt på godkjend fylling.

Dagleg leiar i Eidsvik Eigedom, Svein Arne Eidsvik, fortel til Uskedalen.no at arbeidet vil ta noko tid før det er snakk om sprenging og planering om område. Det har vore uvisst med kommunen og reguleringsplan. På møte i Uskedal utvikling i februar 2018 sa Jarle Fossheim frå Tekniske tenester at kommunen ynskjer ny reguleringsplan og at slik plan må lagast og kostast i avtale med tomte- og grunneigarane.

Uskedalen.no avventar svar frå Kvinnherad kommune om status og vidare utvikling av Børnes Industriområde. Tida går. Lite skjer. Eidsvik vel å tenkja langsiktig og har difor starta arbeidet fram mot eit utvida og tilrettelagt industriområde.

I denne omgang handlar det om arealet mot det som vert kalla Flatesteinen og i grensa mot Hjørnevåg. Skogen er for det meste viltveksande furu. Alt går til flis.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Kristian Bringedal



Jarle Fosheim på møte i Uskedal Utvikling for vel eit år sidan der det klart vert sagt at kommunen vil ha ny og oppdatert reguleringsplan for heile område (Arkivfoto).